



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 24.02.2016
Tid: 14:00 – 18:15

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

I sak PS 12/16 Kommunereform deltok også:

Karen Elisabet Rydland Sæbø, SP
Katrin Innvær Ankervold, tillitsvald Utdanningsforbundet
Turid Dalen, tillitsvald Fagforbundet

Forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
------	----------	-------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
------	-----------	-------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Ola Sønnerlid	IKT-sjef (i sak PS 12/16)

Wenche Tislevoll
Ordførar

Arne Prestbø

Sigurd Andre Maraas

Bente Fitjar
møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 11/16	Godkjenning av protokoll	
PS 12/16	Kommunereform	
PS 13/16	Høyring nytt inntektssystem	
PS 14/16	Finansforvaltningsrapport 2015	
PS 15/16	Søknad til Kystverket om utviding og utdjuping av Hellandsstraumen i samarbeid med Sjøtroll Havbruk AS, avd. Kjærelva.	
PS 16/16	Helsesenter, februar 2016	
PS 17/16	Skrivemåten for namn i Fitjar - uttale til høyring etter lov om stadnamn	
PS 18/16	Ymse	
PS 19/16	Meldingar	

Før møtet kom representantar frå Fitjar kyrkje og informerte om arbeidet deira.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

PS 11/16 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 24.02.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 12/16 Kommunereform

Framlegg til vedtak/tilråding:

1. Fitjar kommunestyre sluttar seg til «Avtale mellom Fitjar og Stord kommunar om kommunesamanslåing» og vil leggja denne til grunn for ei mogeleg samanslåing med Stord kommune.
2. Kommunestyret vedtek å leggja sak om samanslåing av kommunane Stord og Fitjar ut til rådgjevande folkerøysting 25. april. Folkerøystinga skal gjennomførast slik det er gjort greie for i denne saka.
3. Det skal settast ned eit utval med to folkevalde representantar og ein tillitsvald frå kvar kommune som får ansvar for å utarbeida ein kommunikasjonsstrategi for prosessen fram mot endeleg samanslåing. og skal representera Fitjar kommune i utvalet. Arbeidstakarorganisasjonane vert bedne om å nemna opp ein representant.

4. Rådmannen får saman med rådmannen i Stord i oppdrag å forhandla fram ein omstillingsavtale med arbeidstakarorganisasjonane. Avtalen skal vedtakast av administrasjonsutvalet i Fitjar og driftsstyret i Stord kommune.
5. Kommunestyret tek endeleg avgjerd i saka etter at rådgjevande folkerøysting er gjennomført.

Behandling i Formannskapet - 24.02.2016:

Saka vart drøfta i utvida formannskap, med representanten Karen Elisabet Rydland Sæbø (SP), tillitsvald Katrin Innvær Ankervold frå Utdanningsforbundet og tillitsvald Turid Dalen frå Fagforbundet til stades.

Ordføraren oppsummerte status for saka, og orienterte om at Fylkesmannen kjem til Fitjar 2. mars i samband med kommunereform.

Rådmannen peika på ein setning i saksutgreiinga som må skrivast om, under avsnittet **Folkerøysting** og *Røysterett og manntal*: innbyggjarar som fyller 17 år i løpet av 2016 har røysterett. Administrasjonen rettar dette.

Utvida formannskap drøfta saka grundig. Det vert uttrykt uvisse om konsekvensar både ved ei kommunesamanslåing, og om Fitjar held fram som eigen kommune. Ein må syta for at det i god tid før folkerøystinga vert gjeve ut god informasjon til innbyggjarane. Her må alternativa; samanslåing med Stord, eller at Fitjar held fram som eigen kommune, verta presenterte likeverdige.

Framlegg frå formannskapet om å endra første setning av tilrådinga: Fitjar kommunestyre tek til vitande «Avtale mellom.....

Tilråding: (Samrøystes, 5 røyster)

1. Fitjar kommunestyre tek til vitande «Avtale mellom Fitjar og Stord kommunar om kommunesamanslåing» og vil leggja denne til grunn for ei mogeleg samanslåing med Stord kommune.
2. Kommunestyret vedtek å leggja sak om samanslåing av kommunane Stord og Fitjar ut til rådgjevande folkerøysting 25. april. Folkerøystinga skal gjennomførast slik det er gjort greie for i denne saka.
3. Det skal settast ned eit utval med to folkevalde representantar og ein tillitsvald frå kvar kommune som får ansvar for å utarbeida ein kommunikasjonsstrategi for prosessen fram mot endeleg samanslåing. og skal representera Fitjar kommune i utvalet. Arbeidstakarorganisasjonane vert bedne om å nemna opp ein representant.
4. Rådmannen får saman med rådmannen i Stord i oppdrag å forhandla fram ein omstillingsavtale med arbeidstakarorganisasjonane. Avtalen skal vedtakast av administrasjonsutvalet i Fitjar og driftsstyret i Stord kommune.
5. Kommunestyret tek endeleg avgjerd i saka etter at rådgjevande folkerøysting er gjennomført.

PS 13/16 Høring nytt inntektssystem

Framlegg til vedtak/tilråding:

Fitjar formannskap vedtek å senda høyringssvar som framlagt.

Behandling i Formannskapet - 24.02.2016:

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka.
Formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 14/16 Finansforvaltningsrapport 2015

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

Behandling i Formannskapet - 24.02.2016:

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka.

Tilråding: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

PS 15/16 Søknad til Kystverket om utviding og utdjuping av Hellandsstraumen i samarbeid med Sjøtroll Havbruk AS, avd. Kjærelva.

Framlegg til vedtak/tilråding:

Utvalet for plan og miljø godkjenner at Fitjar kommune står som ansvarleg søkar og tiltakshavar for prosjektet, og at søknaden vert sendt til Kystverket innan søknadsfristen 1. mars 2016.

Utvalet for plan og miljø rår formannskapet til å førebels godkjenna prosjektet i budsjettsamanheng.

Det er ein føresetnad at prosjektet vert fullfinansiert av eksterne kjelder.

Behandling i Utval for plan og miljø - 16.02.2016:

Vedtak i utval for plan og miljø: (Samrøystes):

Utvalet for plan og miljø godkjenner at Fitjar kommune står som ansvarleg søkar og tiltakshavar for prosjektet, og at søknaden vert sendt til Kystverket innan søknadsfristen 1. mars 2016.

Tilråding til formannskapet: (Samrøystes)

Utvalet for plan og miljø rår formannskapet til å førebels godkjenna prosjektet i budsjettsamanheng.

Det er ein føresetnad at prosjektet vert fullfinansiert av eksterne kjelder.

Behandling i Formannskapet - 24.02.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet godkjenner prosjektet i budsjettsamheng.
Det er ein føresetnad at prosjektet vert fullfinansiert av eksterne kjelder.

PS 16/16 Helsesenter, februar 2016

Framlegg til vedtak:

Alternativet med Todlak as vert teke inn att til vurdering, og vert å greie ut vidare.
Formannskapet tar saka elles til vitande.

Behandling i Formannskapet - 24.02.2016:

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 17/16 Skrivemåten for namn i Fitjar - uttale til høyring etter lov om stadnamn

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune viser til høyringstema i saksdokumenta, og innkomne uttalar.
Kommunen konstaterer at dei aller fleste som har gjeve uttale ser ut til å vera samde i konklusjonane under kommunen si vurdering.
Kommunen meiner gardsnamna bør skrivast: Rydland, Raunholm, Hogste, Sæterbø, i samsvar med uttalar frå grunneigarar, og tidlegare vedtak i kommunen.
Vistvik/Vestvik bør skrivast Vistvik i ubunden form. Ubunden form gjeld og Engevik.
Kommunen konstaterer at dei langt fleste vil ha gards- og øynamna i ubunden form, med ending -vik og -øy. Alternativet er o-ending. Kommunen stør denne konklusjonen.
Kommunen rår til skrivemåten Sandvikvåg og Smedholmen for desse to stadnamna.
Gardsnamnet Skålavik(jo) og stadnamnet Grønavigjo kan utsetjast til ny handsaming, jf vedtak i klagenemnda.

Behandling i Formannskapet - 24.02.2016:

Sendt på iPad før møtet: Innspel frå Namnenemnda i Fitjar.

Til Fitjar kommune v/rådmannen

Skrivemåten for namn i Fitjar.

Namnenemnda meiner det viktigaste når det gjeld skrivemåten på namn, er at det er mest mogeleg opp til talemåten.

Det må takast omsyn til innspel frå grunneigarar.

Me meiner gardsnamna bør skrivast: Rydland, Raunholm, Hogste, Sæterbø. Det bør skrivast Vistvik og Engevik. Dersom me ikkje får bruka o-ending i øyanamna, er det betre med ubunden form.

Me kan såleis støtta rådmannen sitt framlegg slik det ligg føre til formannskapsmøtet.

Fitjar, den 24.02.2016

For namnenemnda i Fitjar
Torhild Andersen
Annar Westerheim

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 18/16 Ymse

Behandling i Formannskapet - 24.02.2016:

Orientering frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Fitjar har fått tildelt trafikkisikringstiltak i høve prioriteringar trafikkisikringsplan:

- FV 75 – Fartsdump, kryss Vestbøstad I og Vestbøstad III
- Fv 545/Fv 72 – Vegljøs, kryss til Dåfjorden
- Fv 545/Fv 75 – Vegljøs, Rydland Heiabrekko

Orientering frå rådmann Atle Tornes:

Administrasjonen jobbar med utgreiing om å leige ut sjukeheimplassar til Stord kommune, jfr. innsparingstiltak i budsjettet. Formannskapet ynskjer saka lagt føre seg etter handsaming i utval for oppvekst og omsorg.

PS 19/16 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 24.02.2016:

Meldt i møtet:

- ✓ Førebels rekneskap 2015 – rådmannen orienterte om avvika i budsjettet. Det vil bli mindre endringar fram mot endeleg rekneskap.
- ✓ Skatteinngang – 2015 og januar 2016
- ✓ LNVK referat frå styremøte
- ✓ Samarbeidsrådet – uttale høyring Havbruksfond
- ✓ Samarbeidsrådet – uttale endringar i energilova
- ✓ Hamnesamarbeid – referat
- ✓ E 39 over Stord – uttale til kommunedelplan
- ✓ Folkehelseprofil 2016

Ordførar Wenche Tislevoll (H) og rådmann Atle Tornes orienterte frå møte i kontaktutvala for Fv 545 Stord Vestside, og for E39 Stord - Os.

Status for prosjekta i bompengepakken Stord vestside:

- Sagvåg bru, ferdigstilt april 2016
- Arbeid med utbetring av veg Rimbareid - Vik byrjar i mai 2016.

- Reguleringsplan vegkryss Fitjar sentrum har vore på høyring, arbeid med innkomne merknader.
- Reguleringsplan Rydlandssago – hatt oppstartsmøte.
- Midlar til Snikkarsvingen i Sagvåg?

Status E 39 Stord - Os

- avkjøringsrampar er ute, elles lite nytt.

Helse- og sosialsjef Anne Berit Hovstad Johansen orienterte om status flyktningar. Formannskapet ynskjer at kommunestyret får ei skriftleg orientering om dette i førstkomande møte.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.